

Kunnskapsdepartementet

Dykkar ref.

Vår ref.
2010001043-2 2010013677
Eva Songe Paulsen

Arkivkode:
439

Dato:
01.11.2010

HØYRINGSUTTALE NOU 2010:7 MANGFOLD OG MESTRING

Ein visar til NOU 2010:7 ”Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og vaksne i opplæringssystemet”, og sender med dette uttale frå Suldal kommune.

Suldal kommune har innbyggjarar frå mange land. Integreringstenesta i Kommunen har vedteke å busetja 50 personar i løpet av ein 3-årsperiode. I tillegg har me fleire arbeidsinnvandrarar med og utan familiar frå Polen og andre baltiske land.

Totalt reknar kommunen med ca. 10 nasjonalitetar i ulike forhold.

Suldal kommune vil gi slik uttale til utgreiinga:

I det stor og heile vil Suldal kommune støtta utvalet sine hovudkonklusjonar. Kommunen vil koma med kommentarar til enkelte av kapitla.

Suldal kommune meiner at tilskotet som er lagt inn i rammetilskotet, kun dekker ca. 50% av dei verkelege kostnadane.

Ved tildeling av midlar, bør ein også ta omsyn til forskinga som syner at det tar 5-7 år å læra seg eit andrespråk så godt at det fungerer som fullverdig opplæringspråk.

Kapittel 4: Minoritetsspråklege elevar og betydningen av sosial bakgrunn

Kommunen har til nå vore av den oppfatning at det er viktig at grunnskuleelevane får høyra til det store fellesskapet som skulen utgjør i krinsen. Gjennom klassekameratar og vaksne i ulike faglege og sosiale samanhengar kan kontaktar knytast og lettare leia til engasjement i lag og organisasjonar i lokalsamfunnet. Mange elevar av same språkgruppe på ein skule kan ofte føra til små gjengdanningar og lite språklege utfordringar for den enkelte i fritida.

Leirskule er ikkje ein lovpålagd teneste for kommunane. For minoritetsspråklege barn vil opphald på leirskule gi god innsikt i norsk kultur, sosialt samvær med norske barn over tid og kunna styrka det sosiale samværet i klassane. Derfor meiner me at leirskule bør vera eit obligatorisk tilbod i norsk grunnskule.

Kapittel 5: Den språklege situasjonen

Morsmåslærarar på den enkelte skule er svært verdifulle. Desse kan bl.a. nyttast inne i klasserommet når elevane har undervisning i stor gruppe, i små grupper utanfor og i eineundervisning. Rolla som morsmåslærar må styrkast for å kunna byggja opp om norskopplæringa for den enkelte elev.

Suldal kommune er ein distriktskommune som strevar med å få tak i fagpersonar i mange stillingar.

For Suldal kommune har det vore vanskeleg skaffa morsmåslærarar. Fleksibel bruk av avsette midlar til morsmålsopplæring bør komma inn i planen når ein ikkje klarer å skaffa slikt personale.

Kapittel 7: Barnehage og andre tilbod i førskulealder

Kommunen er samd i at det må leggjast til rette for tiltak for minoritetsspråklege barn tidleg i deira livsløp.

Suldal kommune vil støtta forslaget om kontantstøtte og innføring av gratis tid på 20 timar per veke i barnehagen for dei minoritetsspråklege barna. Planar og praksis i barnehagane legg særleg vekt på språkstimulering frå første dag i tillegg til det faglege, sosiale og kulturelle aspektet.

Verdien av morsmålsopplæring for å læra norsk er vel kjend og dokumentert på alle nivå. Diverre vil den økonomiske stoda i kommunane føra til at dei først og fremst prioriterer norskopplæringa. Ressursane strekk med andre ord ikkje til dei gode språkintensjonane.

Det vil ikkje vera nødvendig med eiga formulering i barnehagelova for å leggja vekt på plikt til språkstimulering for minoritetsspråklege.

Kapittel 8: Minoritetsspråklege elevar i grunnskulen

Eksisterande opplæringslov dekkjer alle rettane til elevane, og minoritetsspråklege. Det trengs ikkje ytterlegare presisering omkring omgrepa likeverd og tilpassa opplæring.

Som nemnt tar det lang tid å læra eit nytt språk, -5-7 år. Den store utfordringa framover er å få kvalitet i opplæringa – tilstrekkelege ressursar til ulike organisasjonar og ressursar til kompetanseutvikling- med siktemålet å læra norsk.

Suldal kommune sluttar seg til forslaget om fortsett ekstra opplæring i norsk og morsmål etter overføring til ordinær undervisning der opplegget i kommunane tilseier det.

Suldal kommune støttar også gratis SFO, dersom me får ressursar til det.

Suldal kommune støttar sterkt forslaget om utvikling av eigna kartleggingsverktøy for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring tilpassa desse skuleslaga og elevane sine behov.

Suldal kommune støttar at den nye læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar i hovudsak vert brukt i særskild norskopplæring.

Det må vera eit overordna mål at færre barn og unge vert vist til det spesialpedagogiske hjelpeapparatet. Læreplanen (den nivåbaserte overgangsplanen), betre kartegging og oppfylgning vil kunna bøta på dette.

Med knappe ressursar vil kommunen først og fremst prioritera opplæring i norsk. Morsmålsopplæringa, om enn så verdfull, vil måtte kome i andre rekke.

Når det gjeld eventuelt høve til val av morsmål – i tillegg eller i staden for – andre språk og valfag, er kommunen av den meining at gjeldande føringar for opplæring i språk og fag bør stå ved lag.

Kapittel 10: Innføringstilbod for nyankomne elevar

Suldal kommune meiner at kommunane må ha temmeleg fritt spelerom når det gjeld organisering av undervisninga for elevane. Det er store variasjonar i geografi, kultur og kompetanse i landet. Kommunane må kunna styra elevane dit det er mest formålsteneleg for eleven.

Kapittel 11: Opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringslova

Kommunen vil støtta framlegget til utvalet med omsyn til introduksjonsprogram, opplæringstilbodet til kvinner og nettbasert opplæring.

Kapittel 12: Introduksjonsordning og opplæring i norsk og samfunnsfag

I Suldal kommune har me fått til eit godt samarbeid mellom NAV, introduksjonstenesta og arbeidslivet. Av 33 aktuelle personar har me 31 som er arbeidstrening. Dei to andre er i prosessen.

I praksis viser det seg vanskeleg for vaksne minoritetsspråklege elevar å nå eit mål om fagbrev. Me stiller spørsmål om det er muleg å arbeida for å kunna gi deltakarane delkompetansebevis. Om dei ikkje har grunnlag i dei teoretiske faga som normalt vert kravt, kunne det sikkert la seg gjera at dei fekk eit meir omfattande praktisk tilrettelagt kurs i arbeidsoppgåver innan særlege arbeidsområde. Ein del av introduksjonsprogrammet kunne altså tenkjast meir relatert til arbeidslivet og praktisk opplæring.

Det hadde vore særleg gunstig om eit delkompetansebevis kunne formaliserast.

Me støttar forslaget om utviding av rett og plikt til opplæring frå 300 til 600 timar.

Kapittel 14: Overgangar mellom opplæringssystemet sine nivå

Suldal kommune støttar utvalet si innstilling om å sikra overgangen mellom skuleslaga. Det er viktig at det vert utarbeida gode og sikre rutinar for overgangane, både på kommunalt nivå, og mellom kommune og fylkeskommunen. Dette er ikkje minst viktig for at elevane ikkje skal mista tid i utdanningslaupet. Informasjon til foreldregruppa, evt. med tolk, vil ofte vera nødvendig.

Kapittel 20: Kompetanse

Suldal kommune støttar alt som er sagt om manglande kompetanse, både etter- og vidareutdanning, i heile opplæringa. Også her trengst det større ressursar frå sentralt hald.

Det er svært viktig med kompetanseheving av lærarar, assistentar, fagarbeidarar, av alle som jobbar med minoritetsspråklege. Dette gjeld både i forhold til innlæring av språk, språkforståing og kulturkunnskap.

Heving av kompetansenivået til morsmåslærarar og tospråklege lærarar må få stort fokus. Det er svært viktig, særleg i tidleg alder, å arbeida med innlæring av omgrep parallelt, både på barna sitt eige morsmål og på norsk. Tospråkleg fagopplæring må leggjast vekt på.

Det er også viktig å auka kompetansen hjå styrande organ, lærarar, skuleleiarar og skuleeigar med omsyn til elevane sine rettar, kor ein kan be om hjelp, og om ulike modellar for organisering av opplæringa for minoritetsspråklege elevar.

Sluttkommentar:

For å få til god opplæring er me avhengige av tilstrekkeleg med ressursar. Slik situasjonen er i dag, har me ikkje økonomi til å kunna gi det opplæringstilbodet som denne planen legg opp til.

Ser at det lett kan oppstå vanskelege val mellom ordiner undervisning og ekstra norsk. Føresette, lærarar og elevar har ulike ynskjer og forventningar. Desse sprikande interessene kan skapa dårlege haldningar til elevgrupper som treng si tilpassa opplæring i norskspråk.

Betre rammevilkår vil utviltsamt føra til betre resultat når det gjeld den generelle opplæringa og den sosiale og kulturelle tilnærminga i det norske samfunnet.

Med helsing


Sigrund Kleppa
oppvekstsjef